

Meir dyrking ved Haugland

13.11.2013

Arne Johannes Haugland har fått løyve av kommunen til sprenging av fjell, utskifting av massar og dyrking på eit 20 dekar stort areal. Det har vore dyrka også tidlegare men delar av det er ein fjellknaus dekket av eit tynt jordlag. Grunneigaren vil no sprengja vekk delar av dette berglaget.

Steinmassane skal han nytta til eit byggeprosjekt ein annan stand og han vil henta jordmassar frå dette til erstatning for delar av steinen som vert fjerna. Haugland har i dag 35 storfe og 60 vinterfora sauer og planlegg auke av produksjonen gjennom auke i forgunnlaget. Innhaustinga vert tryggare ved at ein får fjerna sterkt skrånande terreng.

Dyrkingsfeltet ligg inntil eksisterande traktorveg og det vert ikkje bygd nye vegar og vil heller ikkje ha negative konsekvensar for friluftslivet. Det er lite truleg at det dukkar opp fornminne eller andre verneverdige kultuminne i området, skriv kommunen til søkjaren. Arbeidet skal fullførast innan 3 år.

Av Ola Matti Mathisen